

NotatDato: 04.09.2018
Arkivsak: 2014/560-335
Saksbehandlar: sillyng

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om Youth City Braga og Erasmus - eit samarbeidsprosjekt mellom opplæringsavdelinga og regionalavdelinga

Leiar og nestleiar i Ungdommens fylkesutval har teke initiativ til å sjå på invitasjon til to ulike arrangement/prosjekt. Det har vore knappe tidsfristar og for å ikkje gå glipp av mogelegheita for å kunne melde seg på, så har man i dette tilfelle opna for moglegheita til å melde på og så heller gjere endringar og tilpassing dersom utvalet skulle vere ueinig.

Youth City Braga

Det første prosjektet Ungdommens fylkesutval er beden til søkje på er Youth City Braga. Det handlar om følgjande:

«100% Youth City is an Integrated Action Plan on Youth Local Policies with cross-sectorial approach and focused on youth needs analysis through Youth participatory processes. It tackles the challenge of inactive youth that many EU cities face nowadays.

100% Youth City is a practice that combines policy benchmarking, several EU methodologies, high level of participation, open method of coordination, structured dialogue and Co-management.»

Prosjektet er fullfinansiert av EU, og det hadde vore spennande for Ungdommens fylkesutval å kunne delta.

Samarbeidsprosjekt i Hordaland fylkeskommune

Det andre prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga i Hordaland Fylkeskommune. Målet er å bruke ein eller fleire modellar der det er ønskelig å ta i bruk ikkje-formelle læringsmetodar inn i yrkesopplæringa. Målgruppa for prosjektet er ungdommar som står i fare for å falle utanfor vidaregåande skule. I prosjektets utkast nemnast ein mogeleg modell der eit femårig løp til fagbrev kor ein har fokus på å bruke den ekstra tida på «livsmestring» i samarbeid med frivillige organisasjonar i nærmiljø og/eller frivillig opphald i Europa. Hordaland fylkeskommune har i denne samanheng fått tildelt midlar får Erasmus.

Sjå vedlegg for meir informasjon.

Prosjektet startar i september.

Prosjektleder Barbara I. Harterink i Hordaland Fylkeskommune ønskjer gjerne å ha med Ungdommens fylkesutval dersom de finn tid og har mogelegheit.